



Adolf Hovgaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 16/5951

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

18.03.2016

Referat frå kontaktmøte 17.03.2016

Til stades:

Utdanningsforbundet

Fagforbundet

Naturviterne

Delta

NITO

Juristforbundet

NSF

FO

Adolf Hovgaard

Anita Dale

Berit M. Eskeland

Kari R. Ytterdal

Harry Finseth

Erik K. Johannesen

Kristine Hordvik

Lena Ytreland

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes

Det var stilt spørsmål om kva som er bakgrunn for kontaktmøta og kva saker som kan tas opp i det fora. Kontaktmøta er heimla i Hovudavtalen del B § 3-1 b), som seier at det regelmessig skal vere informasjonsmøte med HTV på sentralt nivå i kommunen. Hensikta er informasjon og dialog mellom HTV og rådmannsnivå.

Ein kan ta opp saker som er av allmenn interesse og på overordna nivå, medan saker som gjeld det einskilde tenesteområde bør løysast med drøftingar på tenesteområde.

Dersom ein har tema/spørsmål ein ønskjer drøfta, er det fint om desse kan verte meldt inn på førehand.

1) Orienteringssaker

a) Kommunestruktur

Det er inngått ein ny intensjonsavtale med 8 kommunar. Avtalen ligg tilgjengeleg på heimesida og kjem i tillegg til 3-kommunar avtalen.

Det skal vere folkeavrøysting i Meland 23/5.

Konsekvensane av å stå åleine har vore oppe som sak i Kommunestyret 16.03.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

b) Næringskonsulent

Det var generalforsamling i Meland utbyggingselskap før Kommunestyret 16.03 der det var vedteke at selskapet skal finansiere ei stilling som næringskonsulent i Meland kommune. Vedkommande skal vere tilsett i kommunen og lokalisert i rådgjevargruppa.

c) Eksterne midler

Tenesteområde helse søker eksterne midler til nye stillingar, mellom anna kommunepsykolog. Med det er også ein føresetnad at kommunen stiller med nokre midler sjølv, og ein er usikker på kva som er tilgjengeleg.

d) Tenesteområde kultur

Tenesteområdeleiar for kultur har sin siste arbeidsdag 18.03. Ny organisering av tenesteområde er under planlegging. Det vert mulig ny struktur for biblioteket, og akutelle arbeidstakarorganisasjonar vert kalla inn til drøftingsmøte over påske.

e) AMU 16.03

Sjukefråværet i 2015 var 7,6% totalt. Dette er ei auke frå 2014. Det var vedteke ei målsetjing på 7% eller lågare i 2016.

Samhandlingsdokumentet for BHT i 2016 vart vedteke.

Årsmelding for HMT-arbeidet vart orientert om.

f) Verneombod

HVO hadde samling med verneomboda 16.03. Mellom anna hadde dei oppe tema sjukefråvær og grensa mellom avvik og varsling.

g) KUTT – Korleis utagering og trugslar taklast i Meland kommune

IA-gruppa er prosjektgruppe, og prosjektet omfattar dei tilsette ved barnevern, psykisk helse- og rusteneste, NAV og resepsjonen. Det er fokus på tre områder; førebyggje, handtere og ivareta.

12.03 vart det gjennomført ei halvdagssamling med Geir Olsen frå Helse Bergen som arbeider ved Regionalt kompetansesenter for sikkerheits- fengsels- og rettspsykiatri. Det er også knytta kontakt med HMS-leiar i Fredrikstad kommune som skal gjennomføre eit kurs i Meland 24.05.

I løpet av prosjektperioden vil ein prøve å opprette ei kommunal ressursgruppe.

Det er også tenkt at prosjektet skal utvidast og omfatte skulane og pleie og omsorg.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anny Bastesen
Arngunna Haga
Bente Bing Kleiva
Britt Hilde Romarheim
Camilla Smith-Strøm
Guro Osnes
Hilde Brendehaug Hugaas

Meland
ungdomsskule

Hogne Brunborg
Ingvild Hjelmtveit
Irene Hystad Hugaas
Kari Anne Iversen
Kjell Ølnes
Magne Lædre
Per Inge Olsen
Randi Rotevatn Minde
Rolf Inge Fyllingsnes
Tord Moltumyr

Mottakere:

Adolf Hovgaard
Anita Dale
Berit M.Eskeland
Erik Knag Johannesen
Harry Finseth
Henny Rosså Stokke
Kari Røslund Ytterdal
Kristine Hordvik
Lena Ytreland
Petter Seliussen